



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 04.09.2018  
Vår ref.: 2018/12312-3  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## **Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - Hopsdal - gnr 192 bnr 5 - Lindås kommune**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innanfor vegtraseen. I samband med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 192, bnr. 5, varsla Hordaland fylkeskommune ei arkeologisk registrering. Registreringa vart utført 03.09.18 og det vart ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor vegtraseen. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av vegen søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Ole Jørgen Lunde